

Myren var sterkt fomuldet og delvis noget frossen i overflaten. Ret store mosetrevler fandtes ikke.

Den anvendte myr maatte nærmest, efter vore forhold, karakteriseres som mindre god. Myren var ikke avgrøftet uten paa overflaten.

3. *Nogen punkter, som jeg mener er av største vigtighet ved projektering av anlæg efter dette system.*

- a. Myrens vandgehalt. Da vandet skal inddampes, vil det være magt-paaliggende baade at kjende nøiagtigst mulig den vandgehalt myren har, og hvilke muligheter der er tilstede for fjernelse av endel av vandet ved avgrøftning o. s. v. Jeg anser det som i høi grad vigtig, at man nøiest mulig kjender den vandmængde man har at regne med, samt torvens varmegærdi og askegehalt.
 - b. Myrens beliggenhet i forhold til fabrikk, samt transportveie for briketterne.
 - c. Metode for indføring av raatorven i fabrikk maa nøie overveies, idet saa store kvanta maa gaa ind i forhold til det færdige produkt.
 - d. Der maa foretages den grundigst mulig gjennearbeidelse av det samlede anlæg for opnaelse av rigtig indbyrdes dimensionering, saavel i varmeteknisk henseende som i transportarrangementer, og bør de varmetekniske og driftsmæssige forhold gjennemgaaes av fagfolk.
- Hvis man ved hensyntagen til ovennævnte punkter, efter kritisk gjennemgaaelse av kompetente fagfolk, finder, at der foreligger gunstige økonomiske muligheter for løsning av spørsmålet, vil jeg anbefale, at der igangsættes anlæg efter dette system.

p. t. Kristiania, 13de juli 1922.

(sign) I. P. Huse.

DYRKING AV KJØKENVOKSTRAR PAA MÆRESMYRA 1911—1922.

AV FORSØKSLEDAR MYRKONSULENT HANS HAGERUP

AV kjøkenvokstrar som er dyrka ved Forsøksstasjonen er det serleg *gulrot* og *hovudkaal*, som er prøvde i nokon større mun. Enkelte aar har det og vore dyrka *savoykaal*, *spisskaal*, *blomkaal*, *raudbeter*, *reddiker* og *pastinak* og for ein del av desse vokstrar skal seinare refererast nokre tal som viser korleis dei har slege til. Med gulrot og hovudkaal (kvitkaal) er det serleg dreve forsøk med ulike sortar og i det etterfylgjande skal bli gjort greide for desse I avlingstabellarne for sortarne vil ein sjaa at ikkje alle sortar har vore med i alle aar; og ein kann difor ikkje direkte samanlikna gjennomsnitstala av avlingarne med kvarandre. For aa faa ei *sammenlikning millom sortarne, er den

sorten som har vore med i alle aar, bruka som mælestav og dei andre sortar er utrekna i forhold til denne, for dei aara dei har vore med — (saae utrekningsmaaten som for næpe- og kaalrotsortarne),

Forsøk med gulrotsortar.

Der er samenlikna ialt 12 sortar, men berre ein sort — *nantes* (halvlang) — har vore med i alle 11 aar (1918 er ikkje med), dei andre fraa 2 og upptil 6 aar. Av matrøter er, foruten *nantes*, dyrka *chantenay*, *guerande*, *pariser torv*, *douwicker*, *amsterdammer*, 2 sortar korte driv og *st. valery*.

Av førgulrot er dyrka *stensballe* og *james* — som begge godt kan brukast til mat —, og av meire spesielle førgulrøter er *champion* prøva.

I dei fleste aar har gulrotfeltet lege paa nydyrka myr. Dette har vore tilfelle i aara 1911—13—14—15 og 19 — ialt 5 aar. I 1912 og 16 laag feltet paa myr som var dyrka aaret i fyrevegen, med grønfør i 1912 og nepor i 1916 som fyrsteavling, og i 1917 paa myr som var dyrka to aar i fyrevegen med havre begge aar.

Tab. 1.

Gjødsling pr. maal for dei enkelte aar.

Aar	Fosforsyregjødsel kgr.	Kaligjødsel kgr.	Kvelstoffgjød- sel kg.	Husdyrgjød- sel lass	Sand. lass pr. maal
1911	30 superfosfat.	30—37% kaligj.	10 chilesalpeter	10	
1912	40 tomas »	40—37% kaligj.	20 norge »		
1913	40 superfosfat	40 —»—	15 —»—	5	
1914	100 tomasfosfat	100 kainit	20 —»—		60
1915	50 —»—	75 »	20 —»—	10	60
1916	40 superfosfat	25—37% kaligj.	15 —»—	15	
1917	20 —»—	15 »	20 —»—		
1919	70 —»—	50—20% kalisalt	40 —»—		
1920	30 —»—	50 —»—	20 —»—	10	
1921	30 —»—	30—40% —»—	40 —»—	10	
1922	40 —»—	35 —»—	25 —»—		

I 1920—21 og 22 laag feltet paa ompløgd voll og godt molda myr, — alle 11 aar paa gras- eller starrmyr. Nybrote myr er ikkje serleg god for gulrot. Ho likar best ei jord som smuldrar godt og det i større grad enn som for nepor, daa heile rota skal veksa under jorda. Godt molda myr er vel skikka for gulrot. Men trass i det at gulrota dei fleste aar har vokse paa nydyrka myr, er det likevel teke bra avlingar.

Dyrkinga er utført paa drill med 60 cm. avstand, og to rekker paa drillen; men i eit par aar — 1914 og 16 er ho dyrka paa hageseng og i 1915 paa flatt land med 25 cm. millom rekkerne.

Frøet er innkjøpt fraa Grimstad gartneri og dels fraa Olsens's Enke, Kristiania.

I tabel 1 er oppført gjødselmengderne for aara og ein ser der at nydyrka myr er sterkast gjødsla med mineralgjødsel.

Saatida har vore dei fyrste dagar i mai og har svinga millom 3. og 14. mai (1916 og 1918). I mest alle aar — 1914 undanteke — har telen lege i myra ved saaning av gulrota, men det har ikkje gjort noko. Avstanden fraa jordoverflata til telelaget har i dei enkelte aar svinga millom 10 og 20 cm. ved saaninga, og tjukkeleiken av telen har vore 5—30 cm.

Avstanden millom dei enkelte plantar i rad har for dei mindre sortar (nantes, parisertorv, douwicker og drivsortarne) vore 5—6 cm., for dei andre 7—8 cm.

I tabel 2 er avlingsresultatet framstillt.

Her er oppført avling pr. maal av røter og blad, og blad i % av røter for dei enkelte sortar og for kvart aar. Nantes (halvlang) er bruka som mælestav. Medelavlinga for dei andre sortar er so utrekna i forhold til nantes for dei same aar.

Det er ikkje utrekna torrstoffavling; men det er heller ikkje turvande, det spørst ikkje um denne ved avl av gulrot til menneskjeføde. Men torrstoffavlinga skal bli dryfta seinare for aa sjaa fôrverdet av røterne.

For dei enkelte aar vil ein sjaa at avlingarne har variera mykje, og serleg skal her merkast at aara 1915 og 1921 var ugunstige med umsyn paa vertilhøva. 1915 hadde kald sumar med litt over normalt med regn. 1921 hadde og kald sumar med upp imot dubbelt so mykje regn som normalt.

Likevel var det efter tilhøva bra avling i 1921; noko som maa tilskrivast den godt molda myra som feltet laag paa.

Dei enkelte sortar. Rot- og bladavling.

Nantes (halvlang) har vore med i alle aar og har i medelavling gjeve 3647 kg. røter og 1231 kg. blad. Mindste avling gav denne i 1915 med berre 1300 kg., og høgste avling i 1916 med 6264 kg. røter. Grunnen til at 1916 kjem so høgt maa vel tilskrivast at gulrøterne vart dyrka paa hageseng. Ved denne dyrkningsmaate fær ein ei betre utnytting av jorda. Ein vil og sjaa at dei andre sortar som

Tabel 2.
Rot- og bladavling for ymse gulrotsorter, prøvde i 1911—1922.

Aar	Avling i kg. pr. maal av:																	
	Nantes			Chantenay			Guerande			James			Pariser torv			Stensballe		
	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter
1911	3615	1015	28	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1912	4015	768	19	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1913	2148	593	28	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1914	3706	1088	29	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1915	1300	350	27	1800	750	42	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1916	6264	2404	38	6097	2825	46	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1917	3014	1157	38	3097	1435	46	3750	2129	57	2986	2083	69	2736	788	29	5000	4014	80
1919	3496	1342	38	3317	1537	46	3400	1930	57	2300	1604	70	3400	979	28	2950	1987	67
1920	5660	1458	26	5313	3056	58	5787	3472	60	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1921	2380	1667	70	2408	2477	103	2222	1968	89	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1922	4515	1701	38	4262	2407	56	4167	2338	56	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Gjennomsnit	3647	1231	34	3756	2070	55	3865	2367	63	2563	1718	67	2798	798	28	3866	2598	66
Nantes i motsvarande aar	—	—	—	3804	1440	39	3813	1465	42	2931	871	30	2856	966	33	4489	1611	35
Forholdstal (Nantes = 100)	100	100	—	99	144	—	101	162	—	87	197	—	98	83	—	86	161	—

Tabel 2.

Rot- og bladavling for ymse gulrotsortar, prøvde i 1911—1922 (forts.)

Aar	Avling i kg. pr. maal av:																	
	St. Valery			Douwicker			Champion			Amsterdammer			Korte driv			Korte forb. driv		
	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter	Røter	Blad	Blad i % av røter
1911	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1912	—	—	—	—	—	59	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1913	—	—	—	—	—	—	3581	2019	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1914	—	—	—	—	—	71	4000	2853	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1915	—	—	—	1700	400	23	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1916	—	—	—	4111	1262	31	6285	4722	75	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1917	3097	2361	76	2681	926	35	3236	2222	68	—	—	—	—	—	—	—	—	—
1919	2650	2020	76	—	—	—	3200	2199	68	2600	906	35	—	—	—	—	—	—
1920	—	—	—	5885	1806	30	—	—	—	—	—	—	5278	1858	35	5868	1667	28
1921	—	—	—	1806	895	50	—	—	—	—	—	—	2292	1296	56	1968	1134	57
1922	—	—	—	3472	1828	52	3933	4892	124	4050	1412	35	—	—	—	3611	1204	33
Gjennomsnit	2874	2191	76	3276	1186	37	4039	3151	78	3325	1159	35	3785	1577	45	3816	1335	38
Nantes i motsvarande aar	3250	1250	38	3856	1456	40	4168	1410	33	4006	1522	38	4020	1563	48	4185	1609	45
Forholdstal (Nantes = 100)	88	175	—	85	81	—	97	223	—	83	76	—	94	101	—	91	83	—

var med dette aaret gav ret høge avlingar. Bladmengda hjaa nantes utgjer i medel 34 % eller umlag $\frac{1}{3}$ av rotmengda. Bladfestet er godt samantrengt og rota har av den grunn liten »marg«, og gjev soleis matrot av fin kvalitet.

Av tabellen vil ein sjaa at der er ingen sort som kjem nemnande høgere enn nantes i avling.




Fig. 1.

1. Nantes.
2. Guerande.
3. Chantenay.
4. Douwicker
5. Korte forb. driv.
6. Champion.

Mindste rotavling gav denne sort i 1921 med 2222 kg. og størst i 1920 med 5787 kg. pr. maal.

Baade hjaa chantenay og guerande er bladfestet vidt og »margen« av den grunn noko stor. Begge staa i kvalitet som matrot tilbake for nantes. Men til aa senda paa lengre avstandar eignar desse to seg betre enn Nantes, daa dei lettare taaler støyt under transporten utan aa ta skade.

James har vore med i 6 aar og har i medelavling gjeve 2563 kg. røter og 1718 kg. blad pr. maal, eller i forhold til Nantes 87 % røter og 197 % blad. Ein ser at bladmengda er stor, um lag dubbelt so

Chantenay (londoner torv) har i 7 aar gjeve 3756 kg. røter og 2070 kg. blad i medelavling eller 99 % røter og 144 % blad i forhold til nantes, desse to staa ganske likt i rotavling; men bladmengda er noko større hjaa den siste. Bladmengda utgjer i medel 55 % av rotmengda eller litt over det halve. Aaret 1921 hadde uvanleg høg bladmengd; under vanlege tilhøve vil vel bladmengda utgjera knapt halvparten.

Chantenay gav minst avling i 1915 med 1800 kg. og største avling i 1916 med 6097 kg.

Guerande har vore med i 5 aar og har i medelavling for desse aar gjeve 3865 kg. røter og 2367 kg. blad eller 101 % røter og 162 % i forhold til nantes. Rotavlinga er litt over nantes og bladavlinga mykje større enn hjaa denne. Bladmengd i forhold til rotmengda 63 % i medel.

stor som hjaa nantes. Bladmengd i forhold til rotmengda er i medel 67 %.

Stensballe og *st. valery* har vore med i forsøka, den fyrste i 3 aar og den andre i 2 aar. Stensballe kjem i denne tid i forhold til nantes med 86 % røter og 161 % blad, og *st. valery* med 88 % røter og 175 % blad. Dei staar aa segja likt med *james* i rotavling, men denne har noko større bladavling.

Av spesielle førgulrøter er *champion* (gul) forsøkt. Denne har vore med i 6 aar og har i medelavling gjeve 4039 kg. røter og 3151 kg. blad eller i forhold til nantes 97 % røter og 223 % blad. I bladmengd har denne also gjeve over dubbelt so mykje som nantes, men i rotmengd litt mindre. Bladmengda i % av rotmengda er i medel 78 %.

Ein maa merkja at førgulrøterne i desse forsøk ikkje har gjeve so stor rotavling som dei beste matrøter. Grunnen hertil maa nærmest vera den at dei er seinare og treng lengere vekstid enn tilfellet er under tilhøva her. Bladavlingen er for desse sortar er serleg stor og høgst hjaa *champion*.

Av tidlege sortar er dyrka *pariser torv* og *douwicker*. Den fyrste vore med i forsøka i 4 aar, den andre i 6 aar. *Pariser torv* har

Forsøk med Gulrotsorter på Mæresmyra.

1911 - 1922.




Fig. 2. (Avlingarne er utrekna i forhold til nantes).

i forhold til nantes gjeve 98 % røter og 83 % blad, douwicker 85 % røter og 81 % blad. Bladmengda i % av rotmengda er for den fyrste 28 % og den andre 37 %.

Begge to er matrøter av god kvalitet, men pariser torv er noko betre. Dei maa haustas i god tid, for elles vil dei lett sprekkje ved aa verta staaende for lenge i jorda utover hausten.

To drivsortar er og prøva — »Korte driv« og »korte forbedrede driv«, men der er ingen vidare skilnad millom deim, den eine med 94 % røter og 101 % blad, den andre med 91 % røter og 83 % blad i forhold til nantes.

»Korte forbedrede driv« har litt mindre bladmengd enn den andre. Bladmengda i % av røterne er for den fyrste 38 %, den andre 45 %. Røterne er av fin kvalitet og eignar seg godt for sending. Dei er tidlege.

Amsterdammer har tilliks med drivsortane vore med i ei stutt tid — 2 aar — og har i denne tid gjeve 83 % røter og 76 % blad i forhold til nantes.

Raude, lange, butte er ikkje medteke i tabellen daa den har vore med berre eit aar — 1922 — og gav daa 2755 kg. røter og 1172 kg. blad pr. maal. Som namnet segjer er dei lange — svert lange — og tunne og sit difor temmelig fast i jorda. Under upptakinga bør ein helst ha eit greip til hjelp skal ein faa dei upp i heil stand. Tørrstoffpct. var hjaa denne sort høg — 11.37.

Pastinak og raubeter

er dyrka i 1911 og 1922; siste aaret stokklaup raubeterne so mykje at det er ikkje utrekna avlingstal for dei. Pastinak (alm. lang) gav i 1911 2308 kg. røter og 2637 kg. blad, og i 1922 1771 kg. røter, gjennomsnitlig rotavl 2040 kg.

Raubeter gav i 1911 2115 kg. røter og 2692 kg. blad.

Tørrstoffavling.

Førverdet av gulrøterne avheng av tørrstoffinnhaldet. I tabell 3 er utrekna kor stor tørrstoffmengd som nokre gulrotsortar har producera pr. maal. Som ein vil sjaa av denne tabellen er det for 4 aar at vi har faatt tørrstoffpct. bestemt, og det er berre 4 sortar som har vore med desse aar, nemleg nantes, chantenay, guerande og douwicker. For 4 andre sorter er der berre analyse for eit aar daa dei ikkje har her vore med i forsøka dei andre 3 aar.

Nantes er bruka som mælestav = 100.

Nantes har i desse 4 aar gjeve 422 kg. rottørrstoff pr. maal i medel, med svingning fraa 228—601 kg. Tørrstoffpct. er i medel 10.93.

Chantenay har gjeve 439 kg. tørrstoff, med svingning fraa 312—677 kg. pr. maal. I forhold til nantes staa ho med 104 %. 677 kg.

Tabel 3.

Tørrestoffavling pr. maal av nokre prøvde gulrotsortar 1917—1922 (4 aar).

Sort	1917			1920			1921			1922			Gjennomsnit			Tørstoff i nantes mot-svarande aar		Forhaldstal for tørstoff. nantes = 100
	Rotmengd kgr.	Tørstoff pct.	kgr. tørstoff	Rotmengd kgr.	Tørstoff pct.	kgr. tørstoff	Rotmengd kgr.	Tørstoff pct.	kgr. tørstoff	Rotmengd kgr.	Tørstoff pct.	kgr. tørstoff	Rotmengd kgr.	Tørstoff pct.	Kgr. tørstoff	pct.	tørstoff kgr.	
Nantes	3014	13,56	409	5660	10,61	601	2380	9,56	228	4515	9,97	450	3893	10,93	422	10,93	422	100
Chantenay	3097	11,35	352	5313	12,74	677	2408	12,94	312	4262	9,75	416	3770	11,70	439	10,93	422	104
Gueraude	3750	10,93	410	5787	11,44	662	2222	12,38	275	4187	10,65	446	3987	11,35	448	10,93	422	106
James	2986	13,48	343	—	—	—	—	—	—	—	—	—	2986	13,48	343	13,56	409	84
Pariser torv	2736	11,52	315	—	—	—	—	—	—	—	—	—	2736	11,52	315	13,56	409	77
St. valery	3097	13,75	426	—	—	—	—	—	—	—	—	—	3097	13,75	426	13,56	409	104
Douwicker	2681	12,51	335	5885	10,10	594	1806	11,36	205	3472	10,87	377	3461	11,23	378	10,93	422	90
Champion	3236	12,73	412	—	—	—	—	—	—	3933	10,96	431	3585	11,85	422	12,25	430	98
Korte f. driver	—	—	—	5868	10,79	633	1968	11,80	232	3611	9,78	353	3816	10,79	406	10,95	426	96
Amsterdamer	—	—	—	—	—	—	—	—	—	4050	9,69	392	—	9,69	392	9,97	450	87

tørstoff pr. maal gav denne sorten i 1920 og det skal her merkast at det er ein uvanleg høg avkastnad av gulrot. Tørstoffpct. er i medel 11,70.

Guerande har gjeve høgst tørstoffavling — 448 kg. i medel med svingning fraa 275—662 kg. I forhold til nantes kjem ho med 106 0/0. Tørstoffpct. er 11,35.

Douwicker har gjeve 90 0/0 i forhold til nantes, med eit medel-innhald av tørstoff paa 11,23 pct.

Korte forb. driv kjem med 96 0/0 i forhold til nantes, med 10,79 0/0 tørstoff.

Førgulrøterne synest heller ikkje aa gje større tørstoffavlingar enn matrøterne.

For *champion's* vedkomande har vi berre tørstoffanalyse for 2 aar og i desse 2 aar har denne sorten gjeve 422 kg. tørstoff pr. maal eller 98 0/0 av nantes sin avling. Tørstoffpct. er i medel 11,85.

I ovanstaaande utgreiding om fôrverdet er ikkje medtekte verdet av blad, og daa førgulrøterne har mykje større bladavling vil det vera rett aa taka desse med i samanlikninga. Nedanfor er for 6 sortar utrekna fôrverdet (antal »førenheter«) i blad og røter. 1 kg. rot-tørstoff og 10 kg. blad er rekna likt med 1 »førenhet«. Fôrverdet er utrekna etter forholdstala til nantes og ein fær daa fylgjande resultat.

	<i>F. e. i røter</i>	<i>F. e. i blad</i>	<i>Sum f. e.</i>
Nantes	422	123	545
Chantenay	439	177	616
Guerande	448	198	646
Douwicker	378	100	478
Champion	414	275	689
Korte forb. driv	405	112	517

Som ein her ser kjem den bladrike førgulrotsorten *champion* høgst med 689 f. e. pr. maal. Dei mindre bladrike matrøter kjem noko etter, som nr. 2 kjem *guerande* med 646 f. e., medan *nantes* kjem med 545 f. e. Gulrotgraset har stort næringsverd. Det har noko høgere tørstoffinnhald enn røterne.

Lagring

av gulrot er prøva i 2 aar, nemleg av avlingarne for aara 1920 og 21, og der er lagra 5 sortar — *chantenay*, *nantes*, *korte f. driv*, *douwicker* og *guerande*. Røterne er lagra i kjellar og nedlagt i torvstrø; dette strøet var ikkje heilt tørrt. I 1920 vart dei nedlagt den 15. okt. og i 1921 den 27. okt. Kvar sorten er nedlagt i to avdelingar paa 25 kg., slik at ein av desse (25 kg.) vart teke op i febr., den andre i april. Resultatet er framstillt nedanfor.

	Pct. svinn av									
	Chantenay		Nantes		Korte f. driv		Douwicker		Guerande	
Avling	4/2	18/4	4/2	18/4	4/2	18/4	4/2	18/4	4/2	18/4
1920	0	4	2	10	2	6	0	4	0	8
1921 Alt opteke 7/8-22	—	10	—	21	—	31	—	42	—	28
Gjennomsnit	—	7	—	15,5	—	18,0	—	23	—	18

Som ein her ser har det vore svært lite svinn for 1920 aars avling. Ved 1ste optakinga $\frac{4}{2}$ berre 2 0/0 for nantes og korte driv, ved den 2den $\frac{18}{4}$ har nantes det største svinn med 10 0/0 og chantenay mindst med 4 0/0. Avlinga for 1921 viser større svinnpct. Største svinn har douwicker med 43 0/0 og mindste chantenay med 10 0/0. Alle avdelingar vart dette aaret opteke $\frac{7}{8}$, daa det viste seg at det vilde rotne burt so mykje. I gjennomsnit for dei 2 aar har chantenay mindste svinn — 7 0/0 — for det sist optekne. Største svinn har douwicker med 23 0/0.

Guerande er kjennt for aa vera sers haldbar, men her staar ho litt daarligere enn nantes.

Ulik saatid for gulrot

er prøva i 1912 og 1913. Sortane som er prøva er nantes i begge aar og champion i 1912.

		Rotavling	Rotavling
		1912	1913
Nantes saadd	4. mai . . .	4015 kg.	saadd $\frac{2}{5}$ 2148 kg.
»	» 14. » . . .	3692 »	» $\frac{17}{5}$ 1282 »
Meiravling ved tidlig saaning		<u>323 kg.</u>	<u>866 kg.</u>
Champion saadd	4. mai . . .	3581 »	
»	» 14. » . . .	3173 »	
Meiravling ved tidleg saaning		<u>408 kg.</u>	

Av ovanstaaande vil ein sjaa at skilnaden i saatid er 10 dagar i 1912 og 14 dagar i 1913. Utslaget for tidleg saaning er tydeleg for

begge sortar. Det er størst hjaa champion i 1912, med 408 kg. røter og hjaa nantes 323 kg. røter. I 1913 er utslaget temmeleg stort for nantes med heile 866 kg. røter meire ved saaning 2. mai mot 14 dagar seinare.

Gulrotfrøet treng lang tid for aa kunna spira, det er difor om aa gjera aa faa det i jorda tidlegast mogeleg om vaaren so det kann faa gjera seg god nytte av vaarveta.

Gulrot paa sandkøyrt myr

er prøva i 1911. Der var paakøyrte 120 lass sand pr. maal, med same gjødsling som sortfelte. Myra var nydyrka, og dei sortar som vart prøva var *nantes* og *james*.

	Sandkøyrte. 120 lass pr. maal	Utan sand	Meiravl. ved sand.
Nantes	5169 kg.	3616 kg.	1553 kg.
James	4754 »	3585 »	1169 »

Sanden har verka sterkt aukande paa rotavlinga, for nantes heile 1553 kg. og james 1169 kg. meire enn der det ikkje er bruka sand. Om utslaget vilde halda seg so høgt i ei aarrekkja er vel heller tvilsamt, og desutan har vel sanden større verknad paa nybrote enn paa betre malda myr.

Som resultat av desse forsøk skal framhaldas:

Gulrot syner seg aa vera ein sikker vekst paa myrjord. Best likar ho godt molda myr, men og paa nyland gjev ho gode avlingar. Naar ein oppnaar medelavlingar av røter som for dei beste sortar ligg fraa 3500—4000 kg. pr. maal maa det segjast vera bra. Av matrøter har *nantes*, *guerande* og *chantenay* gjeve størst avkastnad. For lagring utover vinteren vil *chantenay* vera best, men dei andre kann og lagrast ei tid. Beste kvalitet gjev *nantes*. Av tidlege sortar har baade *pariser torv*, *korte forbr. driv* og *douwicker* gjeve bra avkastnad. Beste kvalitet har »driv«sorten og *pariser* gjeve.

Førgulrøterne har her ikkje gjeve større rotavkastnad enn matrøterne og heller ikkje større tørrstoffmengd i røter pr. maal enn desse. Høgste tørrstoffmengd i røter har *guerande* gjeve med 448 kg. pr. maal, den beste førgulrot — *champion* 422 kg. Reknar ein bladavlinga med, som er mykje større hjaa førgulrøterne, kjem *champion* høgst i förverdi med 689 førenheter og som nr. 2 kjem *guerande* med 646 f. e.

Sortar som *james*, *st. valery* og *stensballe* har gjeve mindre avling, men dei er serleg godt skikka til vinterlagring.

Tidleg saaning er aa tilraada for gulrot for ho treng lang tid og godt med veta til spiringa.

Sandkøyrring har paa nybrote myr vist god verknad.

Det skal her merkast at i den tid desse forsøk har gaatt er det ikkje merka noko angrep av *gulrotfluga* (*psila rosæ*).